

Stiftelsestilsynet – hjelpeskjema

Hjelpeskjema skal fyllast ut av søkjaren og leggst ved søknad om oppheving/ending av uråderettsklausular.

Stiftelsestilsynet kan etter stiftelseslova § 55 bokstav a), oppheve/endre bestemmelsar om uråderett etter reglane i stiftelseslova kapittel 6.

Stiftelsestilsynet må ha inn all dokumentasjon som går fram av dette skjemaet for å kunne behandle søknaden. Manglande dokumentasjon vil føre til at søknaden blir avvist/avslått.

Kontrollér difor at følgjande vurderingar er gjort, og at dei nødvendige dokument er lagt ved:

	kryss av
<p>1. Rettsgrunnlaget for uråderettsklausulen</p> <p>Legg ved kopi av testament, skøyte, eller gåvebrev (eventuelt anna rettsgrunnlag) som dannar grunnlaget for uråderettsklausulen.</p>	<input type="checkbox"/>
<p>2. Bakgrunnen for uråderettsklausulen</p> <p>Gjer greie for kvifor uråderetten i si tid vart oppretta. Legg eventuelt ved dokumentasjon om bakgrunnen.</p>	<input type="checkbox"/>
<p>3. Grunngeving for søknaden</p> <p>Vilkåra for å få oppheva/endra uråderettsklausular går fram av stiftelseslova § 46 første ledd. Det grunnleggande vilkåret er at tilhøva klårt har endra seg sidan opprettinga. Det må kunne dokumenterast at endringa i desse tilhøva har ført til at uråderetten ikkje lenger lar seg etterleve, er blitt åpenbart unyttig, åpenbart uheldig eller åpenbart ufornuftig.</p> <p>Grunngevinga må vere knytt til minst eitt av vilkåra i § 46 første ledd.</p>	<input type="checkbox"/>
<p>4. Uttale frå nærstående til den som fastsette uråderetten</p> <p>Dersom det finns slektningar eller nærstående til den som oppretta uråderettsklausulen, skal dei få høve til å uttale seg om søknaden, sjå stiftelseslova § 49. Slik uttale skal hentast inn på førehand, og uttalen skal leggst ved søknaden.</p> <p>Dersom det ikkje er mogeleg å hente inn slik uttale, må dette opplysast i søknaden.</p>	<input type="checkbox"/>
<p>5. Utskrift fra offentlege register</p> <p>Dersom uråderetten er tinglyst på ein fast eigedom, skal kopi av skøyte og utskrift av grunnboka leggst ved. Utskrift av grunnboka kan bestillast frå Kartverket. Dersom uråderetten er registrert i anna register, skal utskrift frå dette leggst ved (t.d. Løsøreregisteret).</p>	<input type="checkbox"/>

Søknaden skal sendast til Stiftelsestilsynet, Postboks 800, 6805 Førde